

13

JUN
2022MA
10:50

Meir torsk på norske middagsbord under korona

ID: 17935101

Parallelt med at fleire blei smitta av korona, gjekk etterspurnaden etter torsk opp.

Det går fram av ferske tal som Samfunns- og Næringslivsforskning (SNF) ved Noregs handelshøgskole presenterte måndag.

– Når covid-intensiteten i samfunnet auka, auka også etterspurnaden etter torsk, seier forskar Margrethe Aanesen ved SNF.

Luksus?

Ho og dei andre forskarane har sett på etterspurnaden etter torsk, laks, hyse, makrell, sei, kveite, aure og sild i Noreg i 2019 og 2020. Det betyr at dei har hatt moglegheit til å samanlikne etterspurnaden i eit år utan pandemi med etterspurnaden i eit år med.

– Det interessante er at etterspurnaden etter torsk generelt gjekk ned i perioden, men at den auka i periodane pandemien stod på som verst, sa Aanesen då studien blei presentert på eit webinar.

Parallelt med at etterspurnaden etter torsk auka, minska etterspurnaden etter sei.

– Torsk er generelt eit dyrare produkt enn sei. Vi har ei hypotese, som ikkje er bekrefta, om at folk i krisetider unner seg meir luksus, altså dyrare produkt. Det kan vere med på å forklare kvifor folk bytta ut sei med torsk.

Stengde restaurantar

Også fleire av dei andre fiskane blei meir etterspurde parallelt med at pandemi-intensiteten auka. Både etterspurnaden etter fersk laks, fersk aure, fersk hyse, og fersk kveite auka parallelt med at fleire nordmenn blei smitta av covid-19.

– Ein del av auken i etterspurnad handlar om at restaurantar, kafear og kantiner blei tvungne til å halde stengt, sa Aanesen.

Viken skil seg ut

Dei fylka i Noreg kor koronapandemien herja mest i 2021, var Oslo, Viken og Vestland. Forskarane ved SNF såg at Viken skilde seg ut når det gjeld fiskeetterspurnad i perioden.

– Samanlikna med alle andre fylke går det tydeleg fram av våre funn at etterspurnaden etter fiskeprodukt auka meir i Viken enn i alle andre fylke då pandemien stod på som verst i 2020 og 2021, konstaterte Aanesen.

(©NPK)

sveinung.engeland@npk.no

Bilde: tSpUCzOoMG4

Parallelt med at fleire blei smitta av korona gjekk etterspurnaden etter torsk opp. Foto: Inger Robøle Kristiansen/NPK

Bilde: ito4SLW4qol

Fleire nordmenn hadde torsk på middagstallerkenen då koronapandemien herja som verst. Foto: Linn Cathrin Olsen / NTB/ NPK

